



Statsforvalteren

i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Tilsynsrapport

Mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar

Ål kommune



Samandrag av tilsynsrapport

Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn med Ål kommune. Temaet for tilsynet er kommunens behandling av søknader om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar.

Det overordna formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket og gjennom dette bidra til å styrkje rettsstillinga til barn og unge.

På bakgrunn av dokumentasjonen vi har fått i dette tilsynet, har vi ikkje funne brot på regelverket.

Innholdsliste

Samandrag.....	2
Innholdsliste.....	3
1 Innleiing.....	4
1.1 Kort om Ål kommune.....	4
1.2 Tema for tilsynet.....	4
1.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
2 Mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar.....	5
2.1 Opplyser barnehagemyndigheita saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeiar om dispensasjon?.....	5
2.2 Vurderer barnehagemyndigheita om stillinga har vore offentleg kunngjord og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkarar?.....	6
2.3 Vurderer barnehagemyndigheita dei reelle kvalifikasjonane til den barnehageeigaren søker dispensasjon for?.....	7
2.4 Fatter barnehagemyndigheita vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for og kva stilling det dreier seg om?.....	8
2.5 Fatter barnehagemyndigheita vedtak med varigheit på inntil eitt år om gongen?.....	8
2.6 Fatter barnehagemyndigheita vedtak med rimelege og relevante vilkår om dei stiller vilkår?.....	9
3 Kommunen kan gi tilbakemelding på tilsynsrapporten.....	10
4 Dokumenter.....	11

1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med kommunar som barnehagemyndigheit,¹ der vi kontrollerer om barnehagelova med forskrifter blir oppfylt. Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, og vi skal derfor gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. Fordi vi behandlar personopplysningar i tilsynet, gjeld også føresegnene i personopplysningslova.²³

1.1 Kort om Ål kommune

Ål kommune ligg i Hallingdal i Buskerud fylke og har ca. 4850 innbyggjarar. Kommunen har fem kommunale barnehagar med totalt 192 barn ved utgangen av 2025.

Den som er barnehagemyndigheit i Ål kommune, er også barnehagefagleg rådgivar på eigarsida i kommunen. Som barnehagemyndigheit har den tilsette fått delegert oppgåva med å behandle søknader og gjere vedtak om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet til pedagogisk leiar.

Ved rapporteringspunktet i BASIL per 15.12.2025 hadde barnehagemyndigheita innvilga dispensasjon frå utdanningskravet til pedagog før til saman 7,4 årsverk.

1.2 Tema for tilsynet

Temaet for dette tilsynet er barnehagemyndigheita sin behandling av søknader om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar.

Undertema i tilsynet er

- Om kommunen behandlar søknader om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar i samsvar med regelverket, jf. forskrifta § 3 [første og tredje ledd], jf. barnehagelova § 25, og forvaltningslova § 17 og barnehagelova § 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket knytt til behandling av søknader om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar, og slik bidra til auka rettstryggleik for barn i barnehagen.

Tilsynet er en del av felles nasjonalt tilsyn 2026.⁴

Det kjem fram av forarbeida til barnehageloven § 11 at kommunen som barnehagemyndigheit skal behandle søknader om dispensasjon skilt frå eigaroppgåvene. Vi undersøker ikkje organiseringa i kommunen i tilsynet. Det er likevel vår vurdering at det kan vere ein framtidig risiko for at kommunen ikkje sikrar at søknader om dispensasjon frå utdanningskravet blir

¹ Jf. barnehagelova § 54, og kommunelova kapittel 30.

² Se barnehagelova § 54, jf. personvernforordningen art. 5 nr. 1 bokstav c, jf. personopplysningslova § 1.

³ [Les mer om vår behandling av personopplysninger i tilsyn på Udires nettside.](#)

⁴ Jf. [Felles nasjonalt tilsyn med kommuner og privatskoler i 2026 | udir.no](#)

behandla skilt frå eigaroppgåvene, då personen som utfører desse oppgåvene også utfører oppgåver på eigarsida.

1.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Statsforvaltaren sendte tilsynsbrev 02.02.2026 til kommunen. Vi har undersøkt kommunens behandling av søknader om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar. For å kontrollere dette har vi sett på praksisen til kommunen.

Kommunen vart pålagd å svare på eigenvurdering og levere dokumentasjon til oss. Vi har fått beskrivingar av eigen praksis og dokumentasjon frå kommunen den 17.02.2026. Våre vurderingar og konklusjonar i denne rapporten er baserte på opplysningar vi har fått frå denne informasjonen.

2 Mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar

2.1 Opplyser barnehagemyndigheita saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeiar om dispensasjon?

Rettsleg krav

Barnehagelova stiller krav om utdanning for pedagogisk leiar for å sikre at personalet har nødvendig kompetanse. Det er barnehageeigaren som er ansvarleg for at barnehagen har ei forsvarleg pedagogisk bemanning, og det er derfor barnehageeigaren som kan søkje om dispensasjon frå utdanningskravet.⁵ Det er barnehageeigaren sitt ansvar å leggje fram nødvendig dokumentasjon for å underbygge søknaden. Ei fråsegn frå styrar skal vere vedlagt søknaden.

Barnehagemyndigheita er ansvarleg for å opplyse saka og må kontrollere at søknaden inneheld nødvendig informasjon.⁶ Dette kan mellom anna vere

- utlysningstekst
- utvidet søkjarliste, eller tilsvarande informasjon om søkjarane
- kvalifikasjonar til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for

Observasjonar og vurderingar

Både gjennom eigenvurderinga og motteken dokumentasjon ser vi at barnehagemyndigheita opplyser saka ved å innhente og kontrollere utlysningstekst, søkjarliste og vurdering av søkjarane, opplysningar om samansetninga og behovet i barnegruppa, oversikt over den totale pedagogiske bemanninga i barnehagen og samla kompetanse. Det er styrarane i barnehagane som har skriva søknadene. I søknadene har styrarane gjort ei vurdering av korleis dispensasjonen påverkar det pedagogiske tilbodet.

⁵ Jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

⁶ Jf. forvaltningslova § 17.

På bakgrunn av motteken dokumentasjon og opplysningane i eigenvurderinga er det vår vurdering at barnehagemyndigheita opplyser saka tilstrekkeleg før den vurderer ein søknad om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita opplyser saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeigar om dispensasjon.

2.2 Vurderer barnehagemyndigheita om stillinga har vore offentleg kunngjord og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkarar?

Rettsleg krav

Barnehagemyndigheita må både vurdere om stillinga har vore offentleg kunngjord, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar.⁷ Begge krava må vere oppfylte. Utlysingsteksten, talet på utlysingar, om utlysinga er offentleg tilgjengeleg, tidspunktet for utlysinga og søknadsfristen er moment av betydning i vurderinga. Stillinga må vere lyst ut på ein slik måte at det blir allment kjent at stillinga er ledig, slik at moglege kandidatar får ei oppmoding til å søkje og til å melde sin interesse.

Barnehageeigaren må kunne dokumentere å reelt ha vurdert søkjarane. Barnehageeigaren må kunne gjere greie for kvifor ein søkjar som oppfyller utdanningskravet, ikkje er tilsett, til dømes fordi personen ikkje er personleg eigna, eller ikkje kan levere politiattest utan merknader som påverkar moglegheita for tilsetjing i barnehagar.

Observasjonar og vurderingar

I eigenvurderinga opplyser barnehagemyndigheita at den har i rutinen sin å vurdere om stillinga har vore offentleg kunngjord og om det har meldt seg kvalifiserte søkjarar. Vidare at det er kommunalsjef oppvekst som står ansvarleg for alle utlysingar etter samtalar med styrarane. Kommunen jobbar kontinuerlig med utlysingar, og det blir lyst ut rutinemessig både på NAV, Finn.no, lokalavis og lokale nettsider. I fleire av annonsane nyttas «jobbtipp» som generer søknaden ut etter etterspurnad på eksempelvis Facebook.

Barnehagemyndigheita viser til at i rolla si som barnehagefagleg rådgivar på eigarsida har den fullt innsyn til alle utlysingane, både når det gjeld kvar det er annonsert, varigheit på utlysingane og søknadsfrist. Denne informasjonen blir nytta i rolla som barnehagemyndigheit der det blir vurdert om barnehageeigar har gjennomført ein reell og forsvarleg rekrutteringsprosess. Vidare opplyser barnehagemyndigheita at på grunn av rolla si som barnehagefagleg rådgivar har den tilgangen til å kontrollere om det faktisk har meldt seg kvalifiserte søkjarar via dei utvida søkjelistene. I tillegg kan den nytte mykje av kunnskapen den opparbeider seg på eigarsida inn i myndigheitsarbeidet.

I motteken dokumentasjon ser vi at utlysingstekst og søkjarliste er vedlagt søknaden. Vidare må styrarane opplyse i søknadsskjemaet om stillinga har vore kunngjord, kor mange gonger ho har vore kunngjord, og kvar stillinga er lyst ut.

⁷ Jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

Det er vår vurdering at eigenvurderinga til barnehagemyndigheita og mottekne søknader om dispensasjon frå utdanningskravet sannsynleggjer at barnehagemyndigheita vurderer om stillinga har vore offentleg kunngjort og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita vurderer om stillinga har vore offentleg kunngjort og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar.

2.3 Vurderer barnehagemyndigheita dei reelle kvalifikasjonane til den barnehageeigaren søker dispensasjon for?

Rettsleg krav

Barnehagemyndigheita må vurdere dei reelle kvalifikasjonane til den barnehageeigaren søker dispensasjon for.⁸ Relevante moment er kva utdanning og erfaring vedkommande har, og kor lenge vedkommande har jobba i barnehagen og med kva oppgåver. Barnehagemyndigheita må vurdere om dei kan innvilge dispensasjon sett i lys av hovudregelen om at pedagogiske leiarar skal vere utdanna barnehagelærarar, og at barnehagen framleis skal vere ei pedagogisk verksemd. Viss barnehagen ikkje har tilstrekkeleg pedagogisk bemanning, kan det innebere ein auka risiko for at barna ikkje får eit barnehagetilbod i samsvar med rammeplanen. Barnehagemyndigheita må derfor vurdere om det er til barnets beste å innvilge dispensasjon.⁹

Observasjonar og vurderingar

I eigenvurderinga opplyser barnehagemyndigheita at det per i dag er seks tilsette i barnehagane i kommunen som er under ABLU utdanning og som er innvilga dispensasjon frå utdanningskravet som pedagogisk leiar. Vidare opplyser barnehagemyndigheita at informasjon knytt til arbeidserfaring og utdanning hentas i personalmappene til dei det blir søkt dispensasjon for. Ei vurdering av den formelle kompetansen gjeras ut i frå søknadsskjema og i samarbeid med styrar i barnehagen. I vurderinga blir det og lagt vekt på arbeidserfaringa med barn, erfaring med leiing, planlegging og dokumentering.

I dokumentet «Tilsette på dispensasjon Ål kommune barnehageåret 25/26 – vurdering og reell kompetanse» kjem det fram kva barnehage personen jobbar i, kva stilling det gjeld, kompetansen til den tilsette og vurderinga til barnehagemyndigheita.

Når det gjeld vurderinga av om det er til barnets beste å innvilge dispensasjon, kan vi ikkje sjå dette direkte i vedtaka. Barnehagemyndigheita opplyser om at kvalifikasjonane til den det blir søkt dispensasjon for sest i samanheng med barnehagens totale pedagogiske bemanning og kompetansemiljø. Vidare blir det opplyst om at styrar vurderer i søknaden korleis dispensasjonen påverkar barnas omsorgs -og læringsmiljø, og dessutan korleis det vil bli kompensert for eventuelt manglande kompetanse.

Sjølv om vurderingane til barnehagemyndigheita, ikkje kjem fram direkte av vedtaka, finn vi det sannsynleggjorde gjennom dokumentasjonen, at barnehagemyndigheita vurderer dei reelle

⁸ Jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

⁹ Jf. barnehagelova § 3.

kvalifikasjonane til den barnehageeigaren søkjer dispensasjon for og om innvilging av dispensasjon er til barnas beste.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita vurderer dei reelle kvalifikasjonane til den barnehageeigar søker dispensasjon for.

2.4 Fatter barnehagemyndigheita vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for og kva stilling det dreier seg om?

Rettsleg krav

Vedtaket må innehalde informasjon om kven dispensasjonen gjeld for, at han gjeld stillinga som pedagogisk leiar, og i ein viss barnehage.¹⁰ Dispensasjonen er knytt til den personen barnehageeigar søker dispensasjon for, så lenge vedkommande har den konkrete stillinga i den konkrete barnehagen. Dette inneber at dispensasjonen ikkje vil vere gjeldande om vedkommande byter stilling, eller barnehage.

Observasjonar og vurderingar

I eigenvurderinga opplyser barnehagemyndigheita at ho nyttar eigen mal for vedtak, samt den kommunale rutinen for vedtak. Mal og rutine er vedlagt dokumentasjonen.

Det kjem fram av alle dei 16 vedtaka vi har fått oversende kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for og kva stilling det dreier seg om. Vi vurderer derfor at det er sannsynleggjort at krava i regelverket er oppfylte.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita fatter vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for og kva stilling det dreier seg om.

2.5 Fatter barnehagemyndigheita vedtak med varigheit på inntil eitt år om gongen?

Rettsleg krav

Barnehagemyndigheita kan berre innvilge dispensasjonar med ei varigheit på inntil eitt år om gongen.¹¹

Observasjonar og vurderingar

I eigenvurderinga opplyser barnehagemyndigheita at den har som rutine å innvilge dispensasjonar for seks månader om gongen.

Sidan saksgrunnlaget vårt utgjer 16 tilfelle der dispensasjon er innvilga, og det ikkje er dokumentert nokon tilfelle der barnehagemyndigheita har innvilga dispensasjon for meir enn eitt

¹⁰ Jf. forskrifta § 3 tredje ledd, jf. barnehagelova § 25.

¹¹ Jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

år om gongen i nokon av disse, er det vår vurdering at barnehagemyndigheita har ein praksis der dispensasjonar blir innvilga for inntil eitt år av gongen.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita fatter vedtak med varigheit på inntil eitt år om gongen.

2.6 Fatter barnehagemyndigheita vedtak med rimelege og relevante vilkår om dei stiller vilkår?

Rettsleg krav

Barnehagemyndigheita kan stille vilkår for å sjå til at den som får dispensasjonen, kan utføre oppgåvene i tråd med regelverket.¹² Vedtaket kan berre innehalde rimelege og relevante vilkår ut frå kompetansen til vedkommande, og vilkår om korleis barnehageeigaren må sikre at vedkommande blir i stand til å fylle stillinga. Vilkåra skal bidra til å redusere risikoen for at barna ikkje får eit barnehagetilbod i samsvar med regelverket som følgje av lågare pedagogisk bemanning. Barnehagemyndigheita må derfor vurdere kva som er til barnets beste.¹³

Observasjonar og vurderingar

I kommunens rutine for vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet står det at kommunen kan stille vilkår for å sikre kvalitet og tryggleik, som til dømes; krav om rettleiing frå barnehagelærar, krav om vidareutdanning eller kompetanseheving og krav om tett oppfølging frå styrar. Av dei mottekne vedtaka ser vi at barnehagemyndigheita stiller vilkår om at den tilsette må delta på rettleiing i regi av kommunen, krav om oppfølging frå styrar eller barnehagelærar på avdelinga der den tilsette skal jobbe. I tillegg ser vi at det blir stilt krav til at det blir lagt til rette for oppfølging og rettleiing ut i frå behovet og kompetansen til den enkelte.

Vi kan likevel ikkje sjå i vedtaka at barnehagemyndigheita har vurdert om vilkåra kan redusere risikoen for at barna ikkje får eit barnehagetilbod i samsvar med regelverket som følgje av lågare pedagogisk bemanning. I pkt. 2.3 i tilsynsrapporten finn vi det sannsynleggjorde at barnehagemyndigheita vurderer dei reelle kvalifikasjonane til den barnehageeigaren søker dispensasjon for og om innvilging av dispensasjon er til barnas beste. I eigenvurderinga opplyser barnehagemyndigheita at for å sikre kvalitet og tryggleik blir det mellom anna stilt vilkår om at eigar må leggje til rette for at dei tilsette på dispensasjon får oppfølging og rettleiing ut i frå behova hos kvar enkelt, det vere seg på foreldresamarbeid, kollegasamarbeid, planlegging og dokumentering.

Det er vår vurdering at mottekne rutine for kommunen, vedtak og eigenvurdering sannsynleggjer at barnehagemyndigheita stiller rimelege og relevante vilkår for å sjå til at den som får dispensasjonen, kan utføre oppgåvene i tråd med regelverket. Vidare finn vi det sannsynleggjorde at barnehagemyndigheita vurderer om vilkåra er til barnets beste.

Konklusjon

Barnehagemyndigheita fatter med rimelege og relevante vilkår om dei stiller vilkår.

¹² Jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

¹³ Jf. barnehagelova § 3.

3 Kommunen kan gi tilbakemelding på tilsynsrapporten

Kommunen kan uttale seg om alt i rapporten, både vår beskrivinga vår av fakta, forståinga vår av lova, våre vurderingar og konklusjonane våre. Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngi kvifor. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten etter ein eventuell uttale fra dykk.

Frist for tilbakemelding er 08.04.2026.

De har rett til innsyn i dokumenta i saka.¹⁴

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Oslo, 13.03.2026

Asbjørn Evensen
Seniorrådgivar/tilsynsleiar

Heidi Martinsen
Seniorrådgivar

¹⁴ Jf. forvaltningsloven § 18.

4 Dokumenter

Følgende dokumenter er lagt til grunn for tilsynet:

- Eigenvurdering barnehagemyndigheita i Ål kommune
- Mal Søknadsskjema – Midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet
- Mal Vedtak - Midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet
- Rutine for barnehagemyndigheit i Ål kommune – Vedtak dispensasjon fra utdanningskravet
- Rutine ved søknad om midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet
- Invitasjon til veiledningssamling 17.februar
- Invitasjon til rettleiing hausten 25
- Rettleiing pedagogiske leiarar på dispensasjon frå utdanningskravet 07.10.25
- Referat frå rettleiing pedagogar på dispensasjon fra utdanningskravet 09.12.25
- 6 søknader om dispensasjon frå utdanningskravet Sundre barnehage
- 6 vedtak om dispensasjon får utdanningskravet Sundre barnehage
- 2 søknader om dispensasjon frå utdanningskravet Sando barnehage
- 2 vedtak om dispensasjon får utdanningskravet Sando barnehage
- 4 søknader om dispensasjon frå utdanningskravet Skattebøl barnehage
- 4 vedtak om dispensasjon får utdanningskravet Skattebøl barnehage
- 2 søknader om dispensasjon frå utdanningskravet Torpo barnehage
- 2 vedtak om dispensasjon får utdanningskravet Torpo barnehage
- 2 søknader om dispensasjon frå utdanningskravet Nordbygdene barnehage
- 2 vedtak om dispensasjon får utdanningskravet Nordbygdene barnehage
- Utlysningstekst og søkerliste barnehagene i Ål kommune
- Utlysningstekst og søkerliste Sundre barnehage
- Utlysningstekst og søkerliste Sando barnehage
- Utlysningstekst og søkerliste Skattebøl barnehage
- Utlysningstekst og søkerliste Torpo barnehage
- Utlysningstekst og søkerliste Nordbygdene barnehage
- Arbeidsdokument – Tilsette på dispensasjon i Ål kommune barnehageåret 2025/2026 – Vurdering og reell kompetanse

STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS

Postboks 325, 1502 Moss | sfospost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/os

